



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 20.07.2016

Til stades: Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Kai Slåkvik, Adle Helen Tveiten Øya (på telefon) og Randi Øygarden (på telefon).

Forfall: Ingen

Sak 39/16 Utnevning av æresmedlemar i Seljord IL

Det er fastsett opning av den nye kunstgras- og friidrettsbanen på Eventyrøy onsdag 10. august i samband med fotballskulen til Vest-Telemark prosjektet i fotball.

Hovudstyret i Seljord Idrettslag er svært takksame og utruleg imponert over prosjektgruppas arbeid med det nye baneanlegget.

Gunnar Eilefstjønn vart spurt av hovudstyret om han kunne ta på seg å rekruttere medlemar til ei prosjektgruppe som hadde ansvar for oppbygging av det nye baneanlegget på Eventyrøy. Dette tok han på seg og hadde innan kort tid fått med seg Olav Kåsa, Alf Johansen, Vidar Tveiten i tillegg til seg sjølv i prosjektgruppa. Frå Idrettslaget var elles Inge Nilsen, Kai Slåkvik, Roar Johansen og Tellef Solås med i prosjektgruppa.

Gunnar, Olav, Alf og Vidar har saman hatt utruleg god styring og gjennomført prosjektet på ein svært tilfredsstillande måte. Her er det svært mange dugnadstimar som er lagt ned og i tillegg har Alf Joahnsen AS bidrege med ei gåve på maskinelt grunnarbeid til ein verdi av kr. 350.000.

Hovudstyret i Seljord IL vil påskjønne denne innsatsen ved å utnemne Gunnar Eilefstjønn, Olav Kåsa, Alf Johansen og Vidar Tveiten til æresmedlemar i Seljord IL. Sjølve utnevninga vil skje i samband med opninga av anlegget 10. august.